

Hei

og velkommen til strålebehandling

Her kan du lese litt om kva strålebehandling er og korleis det går føre seg.



“Veninna mi når ho får strålebehandling”. Teikna av Synnøve 10 år.

KVA ER STRÅLEBEHANDLING?

Ved strålebehandling bruker vi maskiner som lagar stråling lik den vi bruker for å ta vanlege røntgenbilde, berre at strålinga er kraftigare. Strålinga går inn i kroppen og kan øydeleggje kreftceller.

Små dosar med strålebehandling blir gitt i fleire omgangar for å ta betre vare på dei friske cellene i kroppen. Dei fleste som får behandling hos oss får stråling ein gong om dagen over fleire veker.

Ein må ligge heilt i ro når ein får strålebehandling, men det gjer ikkje vondt. Du kjenner absolutt ingenting mens det går føre seg.

Mor, far eller ein vaksen som du kjenner kan vere med deg

FØRSTE GONG DU ER HER

Vi må lage ei oppskrift for korleis di behandling skal vere. Til det treng vi CT-bilde av deg slik at vi kan planlegge korleis du skal ligge. Av og til teiknar vi tusj-strekar eller små prikkar på huda di der du skal få behandling seinare.



Til enkelte lagar vi ei maske eller form til å ligge i. Det er for å hjelpe deg å ligge på nøyaktig same måten kvar gong du får strålebehandling.


Av og til må du ha kontrast- væske i blodet før CT-bilde blir tatt. Difor er det lurt å ha bedøvings-krem på armane når du kjem. Då kjenner du ikkje stikket i armen. Hickmann eller venoport kan vi dessverre ikkje bruke til kontrast-væske. Heile planlegginga tar om lag ein time.

NÅR DU FÅR STRÅLEBEHANDLING



Strålemaskinen står i eit stort rom. Her får du ligge på benken på den same måten kvar gong. Vi følgjer oppskrifta vi laga første gong du var her, slik at strålinga går mot rett området på kroppen. Vi stiller inn maskina heilt nøyaktig. Når alt er ferdig stilt inn må alle vi andre gå ut av rommet mens du ligg roleg på benken.

**Du er ikkje åleine.
Vi ser deg på ein TV-skjerm
frå rommet ved sida av,
og vi kan høyra deg.**



Strålinga varer om lag eit halvt minutt. Du kan høyre at maskina lagar ein svak lyd. Så snart den er over kjem vi inn att til deg. Det kan vere nødvendig at vi går inn og ut eit par gonger undervegs for å flytte benken litt mens du ligg heilt i ro. Ei behandling kan ta mellom 10 og 30 minutt kvar gong. TIL

FORELDRE OG FØRESETTE

Biverknader kan forekome etter strålebehandling men vil variere frå person til person. Det er og avhengig av kva område på kroppen som får behandling og kor stor stråledose kvar enkelt får:

Det er vanleg å bli trøtt etter behandlinga.

Huda kan bli sår og raud.

Barn som får stråling mot hovudet kan miste håret og stråling mot magen kan gi kvalme.

Biverknader kjem som regel etter ei til to veker med behandling og kan vare ei stund etter at behandlinga er ferdig. Vi følgjer opp i heile behandlingsperioden og barnet får time til lege på Kreftavdelinga undervegs. Spør oss om du lurar på noko. Vi vil gjere vårt beste for både barn og pårørande.



Sjå våre nettsider

<http://www.helse-bergen.no/kreft/>



Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk

Versjon: 2.01 Gjeld frå:30.05.2024